



Køhlerpaviljongen

Christian Koren Wiberg, barnebarn til J. M. Køhler, ga dette fotoet til folka på Nesheim i 1942 og skreiv bakpå: "Fra Næsheim Gård. Fotografiet er tatt i pinsen 1865. Man ser gjester fra Stavanger og medlemmer av Køhlers familje, samlet i Have-paviljongen. Lengst til venstre sitter adjunkt ved Latinskolen i Stavanger, Sørensen. Til høire for ham står frøken Elisa Sundt. Bak henne min mor, Bolette Marie Køhler. Bak henne står Oscar Schøtz (19 år), senere professor i Oslo. Videre følger overlærer Jakobsen, Martin Schøtz, foran ham Marie Køhler, så kommer husjomfruen og Wilhelmine Køhler i hvit drakt, og lengst til høire løytnant Andersen og J.M. Køhler. Midt i gruppen sitter fru Køhler og foran henne på trappen, fra venstre: Laura Sundt, søstera Elisa, Bernhard Sørensen, sønn av adjunkt, Fredrik Køhler og den yngste av Køhlers barn, Emma." *Fotograf ukjend. Privat eige.*

Køhlerpaviljongen

INGEBJØRG WOLD

Korleis kan ein omdanna historie og lokalkunnskap til ressursar for nærings- og stadsutvikling? Ingebjørg og Per Ivar Wold på garden "Dampen" på Næsheim har flytta den gamle Køhler-paviljongen til heimegarden. Dampen er ein del av den tidlegare Køhlereigedommen, og Ingebjørg og mannen Per Ivar, som er tømrrar, har planar om å restaurera han og bruka paviljongen som grunnlag for tilleggsnæring på garden.

Historiene frå Næsheimgardane, lokal mat, garden og kulturlandskapet er viktige element i produktet Køhlerpaviljongen som skal skaffa gjester til gards. Prosjektet vil og vera eit bidrag til å styrka merkevarebygginga kring "Matfatet Jæren".

Historia til garden og huset

Gamle gravhaugar på garden fortel at her har det budd folk i uminnelige tider, men garden har også ei spanande nyare historie.

Rikmannssoenen Johan Mandius Køhler frå Hillevåg ville vera storbonde og kjøpte i 1855 og åra som fylgde over 2000 mål på Næsheim for 8300 spesidalar. Han kjøpte opp 11 gardsbruk og 3 husmannsplassar. Ein av husmannsplassane låg på Dampen, der eg og min familie no bur. Køhler bygde opp og dreiv eit mønsterbruk etter dansk modell, og han var ein føregangsmann på mange felt. Køhler starta møllebruk og meieridrift på Næsheim. Meieriet skal vera det første på Vestlandet. Som ein del av dette anlegget anla han park der han sette opp ein "Have-Pavillion" i sveitserstil, om lag 1860. Han var også ein av dei først som planta skog på Jæren.

Dette var Næsheim si stordomstid. Samstundes som Køhler bygde opp garden, planta han 18 mål bartre og anla park og hage. I parken fekk han sett opp eit stort lysthus – "havepaviljongen". Vinkjellar hadde han også, og det var vel heller ikkje vanleg på Jæren på siste halvdel av 1800-talet. Gamle brev frå dotter til Køhler fortel om store selskap og at

"Der var altid mange Fremmede hjemme på Næsheim i Høitidene, baade ved Jul, Paaske og Pinse, og ellers ogsaa. P.C. Asbjørnsen var længe hos os, likeledes Eilert Sundt, som studerte "Fantene" som ofte holdt til paa Jæderen. Fars og Mors Hjem var et meget gjæstfrit

Hus, som alle ligte at komme i, og de forstod at gjøre det hyggelig, utmærkede Værtsfolk som de var."

(Nesheim i Nærbø, s.6)

Andre kjende gjester som kan nemnast er Alexander og Kitty Kielland.

Køhler var ein føregangsmann på mange felt og hadde vore i Danmark og Tyskland og sett korleis dei dreiv landbruk der. Han leigde arbeidsfolk frå utlandet, blant anna to svenske anleggsarbeidarar, for å byggja hus og gjerder av stein. Ei meierikyndig dame frå Sveits skulle sjå til meieridrifta. Køhler sysselsette også mange folk frå bygda.

Ein sein kveld vart Køhler truga med revolver og tvinga til å gje eit stort pengelån. Dette, saman med manglande hjelp frå halvbroren i Hillevåg, slo føtene under Køhler. Han gjekk konkurs, og Næsheimgarden vart seld på auksjon 30.april 1870. Barna til Køhler, som då var mellom 20 og 25 år, fekk tilslaget for 12 050 spesidalar og faren fortsette drifta som forvaltar for barna. Seinare same året vart garden forsøkt spelt bort ved lotteri, men det vart det ikkje noko av. Av annonsa i Stavanger Amtstidende og Adresseavis, " Bortspilling ved Lotteri af den betydelige Eiendom Næsheim", kan me sjå at på den tida var garden på ca. 550 tønner land (1 tønne er 3,937 mål) og at det i stall og fjøs var plass til 18 hestar og ein buskap på 100 dyr.

I 1877 vart eigedommen seld på tvangsauksjon



Nok eit foto frå Christian Coren Wiberg:

“Fra Næsheim Gården i midten av 1860-årene. I vindfanget sees såvidt min mor, Bolette Køhler. I vognen hennes søster Marie, senere gift med murmester Ellingsen i Stavanger. Ved siden av henne, broren Johan Køhler. På bukken den danske kusk “Morten”, senere vognmann i Stavanger. Foran ligger gårdshunden Thor.”

Fotograf ukjend. Privat eige.

for 21 500 spesidalar til eit konsortium som seinare same året selde vidare til brørne Berner frå Stavanger. Desse var skipsreiarar. Den eine av brørne Berner, Brostrup, kjøpte seinare ut dei andre to og hadde folk til å driva garden for seg. Han bygde veg til Nærbø - “Bernervegen”, der han hadde tenkt å leggja jernbanespor. Framande måtte betala for å nytta vegen, men etter ei rettssak i 1896 fekk folk rett til å nytta vegen gratis - om dei gjekk til fots. Etter mykje strid vart vegen seld til kommunen kring

hundreårsskifte.

Elles var Brostrup Berner ein forsiktig mann som sparde på gjødsel, leigefolk og kraftfôr, så garden vart utpint og kasta lite av seg.

Næsheimgarden hadde nær ved vorte landbrukskule i 1885, men då saka kom opp i fylkestinget, fall forslaget med 2 stemmer og skulen vart lagd til Tveit.

I 1902 kom B. Berner til Torgeir Nærland (han som planta marehalm langs jærstrendene) og ville ha ein av sønene hans til gardsstyrar. Tønnes var gardsstyrar i 1/2 år før faren føreslo at dei heller kunne kjøpa garden. Det vart handel, og Tønnes og broren Gabriel kjøpte garden for 125 000 kr. Det var då 48 kyr på båsen, 10 hestar og 8 svin, nedsliten reiskap og slakk drift. Knapt 600 mål var dyrka, 200 av Berner.

Tønnes gifta seg til gard på Torland i 1905, og svogeren Tobias Gudmestad (gift med søstera Oline) overtok hans part i garden. I 1915 hadde dei over 1000 mål dyrka jord, og dei delte garden mellom seg. Familien Gudmestad overtok dei gamle bygningane på bruket, og familien Nærland overtok bruket med dei nye bygningane som var reist i fellesskap på Bratholen. Garden har sidan vorte delt mellom etterkomarane til desse to familiane, til 9 bruk som før Køhler si tid

Køhler-Paviljongen vart flytt til Brattholen då garden vart delt mellom familien Nærland og familien Gudmestad i 1915. Det vart trekt lodd om kven som skulle bu att på hovudbruket, og kven som skulle

busetja seg på Brattholen. Familien Nærland skulle starta nytt bruk, og fekk med seg nokre bygningar, blant anna Paviljongen. Der vart han brukt som hønseshus, seinare som lager for gammalt skrot. Det er ikkje utan grunn huset der vert kalla "skrothuset".

Presentasjon av prosjekt Køhler-Paviljongen

Det er for tida stor satsing på mat og reiseliv nasjonalt og regionalt, og trendane seier at oppleving og lokalt særpreg er det ein stor marknad for. Dette passar godt saman med det som er planen for "Køhler-Paviljongen".


Køhler-Paviljongen skal nyttast som selskapslokale og til kurs/konferansar for privatpersonar og for bedrifter på Jæren og i Rogaland. Konkurransetrinnet til dette føretaket skal vera lokal historie, særpreg, intimitet og lokal mat. Målet for dette prosjektet er å ta vare på det særmerkte huset, og gjenom bruken av dette huset skal eg skapa min eigen arbeidsplass på garden (saman med "Jæren Smak"-grisene) som gir ei brukbar inntekt. Opningstid skal i hovudsak vera måndag til fredag.

Ved val av konkurransestrategi vil ein ved Køhler-Paviljongen fokusera på differensiering og på fokusering. Unike opplevingar, kvalitet og marknadsføring retta mot bestemte målgrupper er stikkord. Låge prisar vil ein ikkje kunna konkurrera på her. På sikt ser ein muligheter for å utnytta klyngjefordelane, ikkje så mykje på liknande næringar, men meir på

eit samarbeid med andre aktørar i nærmiljøet når det gjeld opplevingar og aktivitetar. Døme på samarbeid når det gjeld mat er Jærkokken Heine Grov, Kjøkkenet, Prima Jæren og Charles Tjessem. Ellers er det ein del kunstnarar i lokalmiljøet, til dømes Alf Næsheim, Anne Marit Opstad og Minger Walker, glassblåsarane på Vigre. Hå gamle prestegard og Jærmuseet Vitengarden ligg også i nærleiken. På sikt kan det også vera aktuelt med eit samarbeid når det gjeld overnatting og utleige av kurs/selskapslokaler. Nærland Gjestegard, Jæren Hotell og Bryne Kro og Motell kan vera aktuelle her.

Produktet Køhler- Paviljongen

Huset skal førast tilbake til slik det var då det vart bygd av Johan M. Køhler rundt 1860 i sveitserstil. Det viser seg å vera eit av dei tidlegaste sveitserhusa i Norge, og huset har element i seg frå seinempiren, t.d. listverk og vindu. Sveitserperioden fell saman med den store oppgangstida innan seilskutefart, skipsbygging og handel i perioden 1850 – 1890. Køhler studerte i Tyskland og Danmark, og hadde nok sett kva som var på mote der. Familien hans levde av seilskutefart og skipsbygging, og var ein av dei rikaste og mektigaste familiane i Stavanger på den tida. Innvendig vil me innreia huset etter skildringar i gamle brev, og etter slik det kan ha vore på den tida, men huset må sjølvstøtt kunna fungera for tiltenkt bruk i dag. Brevet fortel om ei stor glas-lysekrone i det store rommet, konsollar langs veggene med



"Utkast til hageplan på Næsheim" teikna av Paul Holst Paulsson i 1854. Foto: Norsk Folkemuseum.



Til venstre ser vi huset mens det stod på Brattholen i 2006.

14. august 2007 blei huset flytta. Neste foto viser då det blei teke av den gamle grunnmuren.

Så er det på vegen over kjelva. Det blei lirka på plass på ny grunnmur på Dampen.

Og på siste foto er det på plass.

Klepp spesialtransport gjorde jobben.

Foto: Ingebjørg og Per Ivar Wold.



”Plastiske Arbeider”, rødt tapet i det eine vesle rommet og plysjbenker langs veggene her. Det andre vesle rommet var eit anretningsrom med plass for det som var nødvendig for serveringa. Kjellaren skal innehalda kjøkken, garderobe, toalett og lager. Hovudetasjonen har salong, anretning og ein sal på 33 m² der ein kan dekkja til 25 -30 personar. Loftet er tenkt innreia til konferansesal med tilhøyrande utstyr.

Der huset er tenkt plassert, vil me anlegga ein liten park som ein del av totalopplevinga. Hagen der huset skal plasserast, vil verta utforma etter modell av ”Utkast til hageplan på Næsheim”, teikna av Paul Holst Poulsson i 1854. Det syner seg at desse planane seinare vart endra, men ein vil her byggja på den stilen gartner Poulsson brukte. Landskapsarkitektane Asbjørg Ekli Dyvik og Torbjørg Sægrov har kome med ei skisse for plassering av huset som det skal arbeidast vidare med.

Gardshistorie, lokal mat, garden og kulturlandskapet er viktig ”ingrediensar” for produktet og totalopplevinga.

Når det gjeld historie har ein mykje å ausa av: Historia om Næsheim-garden, om sjølve huset, historia om park og skogplanting, historia om familien Køhler på Næsheim, om handelshuset Køhler i Hillevåg (Andersen 1971), om utviklinga i landbruket og om spesielle hendingar på Næsheim som blant anna ein dom frå 1750 på grunn av barnedrap: ”Hendes hoved med een øxe afkappes”. (Lode 2006)

Dette stoffet kan blant anna nyttast til forteljingar



Siv.ark. MNAL Ole Serinius Trodahl har laga utkast til restaureringa av Køhler-paviljongen.

Teikning frå arkitekten.

for dei besøkjande, temavandringar og som bakgrunnsstoff og tema for servering av mat. Her vil den såkalla interpretasjonsmetoden verta nytta. Metoden byggjer på fagkunnskap, lokalkunnskap og evne til å/ kunnskap om korleis ein kan levandegjera stoffet. Formidlinga skal vera ein kommunikasjonsprosess, eit samspel mellom formidlaren og tilhøyrarane.

Ein har tenkt å nytta mat av lokale råvarer, gjerne produsert på garden eller i lokalmiljøet. Næsheim er midt i ”matfatet”, både Jæren og Rogaland har stor matproduksjon og profilerer seg på mat. På Dampen produserer me ”Jæren Smak” - gris, frukt og bær, og me har vedfyrt bakaromn som kan nyttast i drifta.

Mykje av menyen bør difor innehalda mat som er produsert på garden. Slik mat - eller mat som på annan måte kan knytast til lokal historie og tradisjon, vil vera med og gje måltidet ei kjensle av ei unik oppleving. Det er allereie no i gang eit samarbeid med Jærkokken Heine Grov for å utvikla menyar som er basert på eigne/lokalproduserte råvarer til Køhler-Paviljongen.

Rundt Køhler-Paviljongen er det jordbruksareal i drift med beitande dyr. Saman med gamle bygningar og handlødde steingardar på garden, er dette ei høveleg ramme rundt - og ein del av totalopplevinga av eit besøk på Køhler-Paviljongen. Dette kan verta utgangspunkt for historieforteljing og temavandringar. Det kan brukast til å setja moderne jordbruk inn i eit historisk perspektiv og fortelja om jordbruket si utvikling på Jæren, og det kan brukast for å skapa forståing for og diskusjon om me treng norsk landsbruksproduksjon også i framtida.

På litt sikt ser ein føre seg eit samarbeid med andre lokale aktørar td. kunstnarar, folk som kan ordna med hesteskyss, museum, handverkarar. Dette for å skapa fornying og variasjon i tilbodet til "Køhler-Paviljongen" og for å skapa ein "vinn-vinn" situasjon i nærmiljøet.

Målgrupper

Målgruppa vil vera lokalt næringsliv og privatpersonar frå regionen. Oftast vil det vera vaksne personar og små grupper opp til 30 personar. Sida

eit besøk må tingast på førehand kan eg spørja meg føre om storleik på gruppa, samansetjing av denne og deira interesser. Tanken er at eg skal kunna gje eit tilbod ut frå kunden sine behov og interesser. Lengde på kva eg skal formidla gjennom historieforteljing med utgangspunkt i huset skal alltid avtalast på førehand. Dersom eg skal ta imot barn, til dømes ein skuleklasse skal formidlinga skje ut frå det dei kan kjenna seg att i.

Kvifor gjer eg dette?

Målet med dette prosjektet er å ta vare på det særmerkte huset og å skapa min eigen arbeidsplass på garden. Gjennom utdanninga mi dei siste åra har eg lært meg å sjå muligheiter og ikkje tenkja hindringar. Mottoet til Høgskulen Landbruk og bygdenæringar der eg har vore student dei fire siste vintrane er "Ikkje tenk hindringar – studer mulighetene". Dette er eit dannelsesideal (Lønning 2003:122), og bygdeentreprenøren har ofte denne "grunnhaldninga" i botnen i alt han tek seg føre. Entreprenøren er knytt til lokalsamfunnet gjennom kjensle av å høyra til, og med sterke ønskje om å ta i bruk lokale ressursar, kunnskap og særpreg for å skape næring og medverke til samfunns-/stadsutvikling. Motiva kan vera å utvikla lokalsamfunnet, sjølvrealisering eller arbeidsløyse, eller kombinasjonar av desse. Jæren har ein sterk kultur for entreprenørskap, ofte i samband med jordbruket; til dømes innan produksjon av landbruksmaskinar og leigekøyering. Men det

liten tradisjon og kultur for meir kulturøkonomiske entreprenørar her.

Kva vil eg formidle?

Eg vil formidla lokal historie og samstundes gje ei oppleving av noko spesielt. Gjennom dette vil eg skapa forståing og respekt for jærsk mat, historie og landbruk.

Korleis skal eg gjere dette?

Dette skal eg gjera gjennom totalopplevinga av eit besøk på Køhler-Paviljongen. Landbruket rundt, parken, sjølve huset, innreiing av huset med detaljar, lokalprodusert mat og god service skal leggja grunnlaget for ei god oppleving og forståing. Eg vil ta utgangspunkt i dette og bruka ein halv til ein time til å fortelja om Køhler og frå historia på garden. Dette kan avtalast på førehand, då eg berre skal ta imot slutta lag som har tinga plass, og tilpassast til kva gjestene har særskilt interesse for. Matsserveringa vil også avtalast då. Kunden vil på denne måten få ei kjensle av at dette er tilpassa særskild han og hans behov. Sjølve huset med park og kulturlandskap rundt vil for dei fleste opplevast som særprega og unikt. Huset er lite og berre eigna for små grupper, opptil 30 personar og vil difor opplevast som eksklusivt.

Målet er å skapa kjensler og engasjement: Undring over korleis det var mogeleg å få til noko slikt for om lag 150 år sidan. Få fram kontrastane mellom

livet til familien Køhler og til korleis vanlege folk på Jæren hadde det på den tida. Få fram humoristiske situasjonar, spaning og konflikhtar. Her er det mange historier å ausa av. (Andersen 1971 ,Gudmestad 1997 og Lode 2006)

Status i dag

Eg skal sjølv ønskja velkommen og ta meg av gjestene på ulikt vis. Jærkokken Heine Grov har sagt ja til eit samarbeid når det gjeld maten; samansetjing av menyar, matlaging og formidling av historia kring råvarene og maten. Han eller andre frå hans firma vil verta leigd inn etter behov. Eg ser føre meg til selskap og kurs der matopplevinga har stor plass. Ved enklare arrangement skal eg laga maten sjølv.

Huset vart flytta 14.august 2007. Våren før hadde gått med til å ordna alle formalitetar, til å rydda huset og klargjera flyttinga. Ny grunnmur var sett opp på Dampen – med opning i den eine enden så huset kunne køyrast rett på plass. Klepp Spesialtransport AS flytta huset og sette det på plass på dei nye murene med stor presisjon.

Nå kan sjølve restaureringa av huset ta til. Me har funne restar av dei originale tapeta, og det ser ut som om det skal la seg gjera å få laga identiske. Elles har me skildringar av interiøret i gamle brev (Nesheim i Nærbø), så me veit litt om korleis det har vore innvendig. Det eine gamle biletet av familien Køhler på verandaen er til god hjelp når me skal gjenskapa denne sida av huset. Det kan også seia

litt om korleis fasaden elles har vore. Dørene og innvendig listverk er i forholdsvis god stand. Planen er å også restaurera dei gamle vindauga, sjølv om det kan sjå nokså håplaut ut nå. Sivilarkitekt MNAL Ole Serinius Trodahl har ansvaret for at arbeidet skjer etter antikvariske prinsipp.

Hagen der huset no er plassert skal også lagast i den stilen som hagearkitekt Paul H. Poulsen brukte

Litteratur

Andersen, Arne Bang (1971): *Handelshuset Køhler i Stavanger under hvite seil*. Stavanger:

Stabenfeldt. Davenport, Thomas H. and John C.

Beck (2001): *The Attention Economy. Understanding the New Currency and Business*. Boston: Harvard Business School Press.

Lønning, Dag Jørund (red.)(2003): *Den Norske Bygda og Den Store Verda, Om lokal utvikling i ei global tid*, Forskingsprogrammet Trade Mark Telemark, Telemarksforskning Bø.

Austvik, Ole Gunnar, I. Bredesen og E. Vårdal (2005): *Internasjonal handel og økonomisk integrasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Berg, Morten Emil (2006): *Ledelse, verktøy og virkemidler*. Oslo: Universitetsforlaget.

Drange, Tore, H.O. Aanensen og J. Brønne (2006): *Gamle trehus. Historikk, reparasjon og vedlike hold*. Oslo: Gyldendal.

Gudmestad, T.T. og Wiberg Dr. Chr. Koren: *Nesheim*

(Han teikna "Utkast til hageplan på Næsheim" i 1854, men desse planane vart endra undervegs). Me har mykje spanande arbeid framføre oss fram til huset skal stå ferdig i mai 2009. Denne sommaren er det også planlagt ei utstilling om Køhler på Hå gamle prestegard, og me ser fram til eit samarbeid med dei. Kanskje dukkar det opp fleire spanande ting undervegs?

i Nærbø. Redigert av Ove Tobias Gudmestad, 1968. Ny og utvida utgave med bilete, 1997. Eige forlag.

Jensen, Rolf (1999): *The Dream Society. How the Coming Shift from Information to Imagination Will Transform Your Business*. New York: McGraw-Hill.

Kulturminnevernplan, Hå kommune, 2005 – 2016.

Lode, Asgeir (2006): "Hendes hoved med een øxe afkappes". Artikkel i Stavanger aftenblad, 13. okt. 2006

Molaug, Ingvar (1972): Gartner P. H .Poulsen, *Stavanger Museum, Årbok 1971*. Stavanger: Dreyer.

Pine, Joseph and James H.Gilmore (1999): *The Experience Economy. Work is Theatre and Every Business a Stage*. Boston: Harvard Business School Press.

Porter, M.E (1990): *The Competitive Advantage of Nations*. Macmillan.



Litt original dekor på veggen i Paviljongen.

Foto: Ingebjørg og Per Ivar Wold.